Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Aust-Agder
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Vegusdal
Emne: Skav | Bygdelag.
Oppskr. av: Andreas Ropeid | Gard:
(adresse): NEG. | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Heimelsmann: Tellef Lunden, f. 1876 på Lunden og bonde der.

1. Ukjent
2. Ukjent
3. Ikkje spurt.
4. Dei brukte skav på Lunden då han var liten. Han trur ikkje at nokon der i bygda har brukt skav etter 1890. Skav var berre brukt i fôrnaud. Men sjå 8.
5. T. L. veit ikkje av at dei har skave anna enn osp. Det er lite av andre skavtre ògså derikring. Like ved garden er ei hei som heiter Almeknutlann, men det finnst ikkje alm der. T. L. tenkjer seg at heia har fått namnet fordi det stod ein alm der eingong, at heia har fått namn etter ein rariteit. Det står ein alm ved tunet, men den er tuntre og planta av T. L.'s onkel i 1896.
~~Fa.~~ Lenger nede i jordet står ein stor ask. „Den bar oldefar min heim i ein tobaksdåse."
6-7. Ukjent.

16532

8. Det var bare kyrne som fekk skav. Sauene ville ikkje ha skav.
Kyrne fekk skav om våren i vårknipa. På tunden fekk kyrne skavet for seg i båsen. Men Ole Kristensen Lien på grannegarden Lia fekk osperbork om våren, turka den i sola på bakken, slo den sund med ei klubbe og mol den til ~~mjøl~~ mjøl på bekkekvern. Dette mjølet gav han krötera; dei fekk så god appetitt av det, sa han. Ole Kristensen Lien døydde kring 1885, „det er så vidt eg kan skjekkelig minnest han". T. L. veit ikkje om andre som gjorde slik.
T. L. kjenner bare ospeskav og veit såleis ikkje om det var nokon slag skav som kyrne ikkje ville eta.

9. Skavet var eit kleint fôr, seier T. L. Det vart ikkje meir mjölk av det, mjölka var kvit og det vart kvitt smör. Han tingsar ikkje at det vart avsmak på smör og mjölk.
Skavet hadde ingen verknad på helsa, men kyrne fekk god appetitt av det, vart grödig. Sjå også sp. 8.

10. Dei drog ut i skogen og skav det. T. L. kjenner ikkje til at nokon skav brennaved eller hegjeved.

11-12. Dei henta ikkje heim skavved, men skav i skogen.

13. Ukjent.

14. Dei henta ikkje heim skavved. Langfredagsarbeid ukjent.

15. Dei skav ute i skogen og bar skavet heim i sekk.

16. Dei skav med ein skavl, same reiskap

16532

som eg i avhandlinga mi har kalla skavar.
Kniven sat litt laus, så dei kunne regulera
den.

T. L. kjenner også skjøve, den heitte koppe-
skave og dei brukte den når dei laga
trekjerald til å hole dei ut med.

17. Dei la stokken på bakken og skov mot
seg. Det var mest berre stommen dei
skov. Dei hogg ned heile treet, men det
var lite dei skov greiner. Før dei skov, måtte

18-19. Ukjent. | dei ta av rufla, ofte gjort med öks

20. Ikkje noko sers namn.

21. Borken dei skov av heitte skav.

22. Dei skov ~~be~~ helst berre stommen.

23. T. L. har høyrt ordet skjevlingar.

24. Skavet skulle vera tynt, di tynnare,
di betre.

Det skulle ikkje vera noko ved med.
Det var helst ungane som skov, og
dei såg ikkje etter kven som var flinkast.

25. Den avskorne ved høyrde dei ofte heim
og nytta den som vanleg brenneved.

26. Sjå svar sp. 4.

16532